HOLSTØ

Høgd over havet : ca.550m

Lengd: Fra folkedal ca 5,4 km, Fra Almenningane ca 2,6 km

Tid: ca 2-2,5 timar ein veg

Gradering: Alt 1: Tung tur. Alt 2: lett tur, ca 1 time Alt 3: Tung tur, ca 2,5 timar

Vegskildring : Køyr fylkesveg 7 til Folkedal, ca 7 km. Ta innover dalen, følg elva innover ca 1,3 km. No har du to val.

1. Køyr til siste gardsbruk, parker her og gå vidare på grusveg til ca. 50 m før gamle kraftstasjon/nytt redskapshus og ta til venstre på den gamle stølsvegen til Helgastøl. Denne vegen er skilta og merka med raudt.

2. Følg skogsvegen oppover på venstre sida av dalen. Byrjar rett bak huset på Slettena. Skogsbilvegen går heilt til Svortetjørn, ca 4 km (Bomveg 50,-) Vegen er stykkevis veldig bratt. Etter ca 2 km, kjem du rett forbi Helgastøl. Du går vidare heilt fram til stølen. Her tek du nordover på høgre side av bekken som renn gjennom stølen. Skilta og raudmerka løype vidare. Flatt og fint nordvestover frå Helgastøl ca 15 min og så inn i skogen eit lite stykke før stien går bratt nedover i «Longeli». Dette partiet er særs bratt og det er ein fordel å gå i fint vèr. Du går no ned i Kvanngjelet og du kjem heilt ned til «Stokkane», og her skal du krysse elva. **NB! Dette er berre mogeleg ved låg vassføring.**

Stien er merka raud vidare på andre sida av elva og du skal no bratt opp lia. Du må krysse eit smalt og trongt parti langs med kanten, og der har vi hengt opp tau som sikring. Når du har passert dette området er det berre bratt oppover i om lag 40 min. Stien snor seg oppover i lia og svingar litt her og der før du kjem rett oppunder stølen Holstø. Eit stykke nedi lia vil du møte stien som går til Gulleiksheldren, men vi tenkjer det er best å gå opp til Holstø først og så ned att til Gulleiksheldren.

Alternativ 2: Køyr til Voss og ta av mot Rong, i 15 km og føl vegen til endes. Ved Rongastovo kjem du til bomveg 50,- kr og du køyrer denne vegen ca 5-6 km Då er du komme fram til «Almenningane» . Parker på lågaste parti av vegen som går vidar oppover mot Helgaset. Det står Folkedal på skilt (DNT merka veg). Følg denne til du kryssar elva over brua og vidare sørover på raudmerka sti lett oppover fjellknausane, før du igjen går flatt og fint i om lag ein time. Siste stykket går nedover til Holstø og forbi Holstøhamrane. Dette er den enklaste turen til Holstø.

Alternativ 3: Gå opp til Kvanndalsstølen og gå nordover **på umerka sti** som startar ved hytta lengst mot nord. I søkket under kraftlinja litt på skrå oppover og deretter på kanten inn til Holstø.

GOD TUR!